

## Utsleppsløyve for Byglandsfjord reinseanlegg i Bygland kommune

Løyvet er gjeve i medhald av "lov om vern mot forurensningar og om avfall", forureiningslova, av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 23. august 2011. Løyvet har vilkår som følgjer frå og med neste side og som er ein kombinasjon av dei generelle krava i "forskrift om begrensning av forurensning", forureiningsforskrifta, del 4, kapittel 11 og kapittel 14 av andre vilkår som lokalt tilpassa krav og presiseringar.

Dette løyve erstattar etterfølgjande løyve: 7.1.1994 med revidering av 25.4.1996.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gjeve i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha innverknad på miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

### Data for verksemda

Avlaupsanlegg	<u>Byglandsfjord reinseanlegg</u>
Adresse	Byglandsfjord, 4745 Bygland
Postadresse	4745 Bygland
Kommune og fylke	Bygland kommune 0938, Aust-Agder fylke
Org. nummer (bedrift)	964 966 397
Gårds- og bruksnummer	69/201
NACE-kode og bransje	84.110 Generell offentlig administrasjon

### Fylkesmannen sine referansar

Utsleppsløyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2011.270.T	0938.0007.01	3 <sup>1</sup>

Løyvet gjeve: 12.12.2011	Endringsnummer:	Sist endret:
Eva Boman (e.f.) Ass.direktør		Ildikó Nordensvan rådgjevar

<sup>1</sup> Jf Forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for Statens forurensningstilsyns arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven

## Innhold

1. Rammer.....	3
1.1. Rammer for løyvet.....	3
1.2. Tidsfristar .....	3
2. Generelle vilkår.....	3
2.1. Avgrensingar av utslepp.....	3
2.2. Plikt til å oppfylle grenseverdier.....	3
2.3. Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg.....	3
2.4. Internkontroll .....	4
3. Utslepp til vatn .....	4
3.1. Reinsekrav .....	4
3.2. Utsleppsstad .....	4
3.3. Avlaupsnett .....	4
3.4. Utslepp frå overlaup på transportsystemet .....	4
4. Utslepp til luft .....	5
5. Kjemikalier .....	5
6. Støy .....	6
7. Energi.....	6
8. Avfall og avlaupsslam .....	6
8.1. Generelle krav.....	6
8.2. Slamhandtering.....	6
9. Førebyggjande tiltak og beredskapstiltak mot akutt forureining.....	7
9.1. Miljørisikoanalyse/klimatilpassa risikovurdering.....	7
9.2. Førebyggjande vedlikehald og tiltak – handlingsplan for risikohandtering.....	7
9.3. Etablering av beredskap.....	7
9.4. Varsling av akutt forureining.....	7
10. Utsleppskontroll .....	7
10.1. Utsleppskontroll.....	7
10.2. Overlaup og andre utslepp .....	8
11. Rapportering til Fylkesmannen.....	8
12. Utskifting av utstyr.....	8
13. Tilsyn .....	9
VEDLEGG 1 .....	10
Liste over prioriterte stoffer .....	10

## 1. Rammer

### 1.1. Rammer for løyvet

Løyvet gjeld utslepp av avlaupsvatn frå Byglandsfjord reinsedistrikt. Utsleppet omfattar reinsa avlaupsvatn frå tettstaten Byglandsfjord, inkludert avlaupsvatn frå Tine Meierier Sør, Neset Camping og tettstaden Grendi. Dimensjonerande belastning er basert på 2145 personekvivalentar (pe) hydraulisk og 2450 pe organisk.

Prosessavlaupsvatn frå Tine Meierier Sør behandlast i biologisk reinseanlegg før påslepp til kommunalt kjemisk reinseanlegg.

Reinsa avlaupsvatn skal, etter kjemisk reinseprosess i nytt anlegg, førast ut i Byglandsfjorden til 7 m djup ved HRV og 80 m frå land.

Ved vesentlege endringar skal verksemda søkje om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

### 1.2. Tidsfristar

Tabell 1. tidsfristar for gjennomføring av tiltak

Tiltak	Frist	Løyve
Dokumentere driftstid av overlaup	15.02 kvart år	3.4. og 12.
Rapportere utsleppstal m.m. til KOSTRA	15.02 kvart år	12.
Årsrapport til Fylkesmannen	15.03 kvart år	12.
Plan for sanering og fornying	15.09.2012	3.3.
Oppdatert miljørisikovurdering med tilhørande handlingsplan	15.03.2012	9.

## 2. Generelle vilkår

### 2.1. Avgrensingar av utslepp

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som vert vurdert til å ha størst miljømessige påverknader, er regulerte med konkrete vilkår i dette løyve pkt. 3 flg. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller som må reknast som kjend på annan måte da vedtaket var gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som er oppført i vedlegg 1.

### 2.2. Plikt til å oppfylle grenseverdier

Alle fastsette grenseverdier for utslepp til luft og vatn, inkludert støv, lukt og støy skal haldast innanfor fastsette midlingstider.

### 2.3. Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå avlaupsanlegget, også utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett ikkje ynskja. Sjølv om verksemda held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser,

pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i punkt 3.

## 2.4. Internkontroll

Kommunen pliktar å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at avlaupsanlegget følgjer opp krava i dette løyvet og i forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Kommunen pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Kommunen pliktar alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøva.

## 3. Utslepp til vatn

### 3.1. Reinsekrav

Reinseanlegget skal til ei kvar tid drivast slik at reinseresultatet blir best mogleg. Kommunen skal sikre at avlaupsvatnet med utslepp til Byglandsfjord gjennomgår reinsing, og får ein kvalitet minst tilsvarende følgjande krav:

Tabell 2. reinsekrav

Parameter	Reinseeffekt	Maks. konsentrasjon [mg/l O <sub>2</sub> ]
Total fosfor (Tot-P)	90 %	-
Biologisk oksygenforbruk (BOF <sub>5</sub> )	70 % eller	25
Kjemisk oksygenforbruk (KOF <sub>Cr</sub> )	75 % eller	125

Konsentrasjonskravet eller reinseeffektkravet må oppfyllest for både BOF<sub>5</sub> og KOF<sub>Cr</sub>. Det inneber òg at ein kan etterkomme konsentrasjonskravet for BOF<sub>5</sub> og reinseeffektkravet for KOF<sub>Cr</sub>, eller motsett.

Tal på kontrollprøver per år: 12

### 3.2. Utsleppsstad

Avlaupsvatnet frå reinseanlegget skal sleppast ut i Byglandsfjord. Utsleppsarrangementet skal vere plassert og utforma slik at ulempene på utsleppspunktet blir minst mogleg.

### 3.3. Avlaupsnett

Avlaupsnettet skal utan at det etter tilhøva fører til store kostnader, dimensjonerast, byggjast, drivast og haldast ved like med utgangspunkt i best tilgjengeleg teknologi og fagkunnskap. Kommunen skal arbeide for å få ein optimal samverknad mellom avlaupsnett og reinseanlegg slik at ein kan få, eller halde ved lag ei god drift av avlaupssystemet. Bygging, drift og vedlikehald av avlaupsnettet skal skje i samsvar med krava i forureiningsforskrifta § 14-5.

Kommunen skal utarbeide ein overordna òg politisk behandla tidsplan for fornying av avlaupsnettet. Kommunen skal ei kvar tid ha tiltaksplan for sanering av leidningsnettet.

### 3.4. Utslepp frå overlaup på transportsystemet

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over moglege punkt for overlaup med ureinsa avlaupsvatn frå avlaupsnettet. Dei samla forureiningstapa frå avlaupsnettet skal gjerast minst moglege gjennom systematiske tiltak.

For overlaup skal det skiljast mellom driftsoverlaup og naudoverlaup.

Driftsoverlaup (regnvassoverlaup): overlaup som avleier/avlastar avlaup ved for stor tilføring av overvatn (ekstrem nedbør).

Naudoverlaup: avlastar anlegga ved feil på anlegga.

Kvart overlaup skal fjernovervakast, og det skal vere installert utstyr for:

- Registrering av driftstid
- Avlesing mengd, eller berekning med kalibrerte modellar
- Måling av fosforkonsentrasjon eller antatt konsentrasjon på gjennomsnitt 1 mg totP per liter

Kommunen skal registrere eller berekne driftstid for utslepp frå overlaup. Kommunen skal òg utarbeide utsleppsrekneskap for alle kommunale utslepp kvart år.

Kommunen skal drive aktivt søk etter lekkasjar i avlaupsnettet.

Feil og driftsstans som medfører utslepp av ureinsa avlaupsvatn skal bli utbetra så raskt som råd, og seinast innan 24 timar.

## 4. Utslepp til luft

Lukt og diffuse utslepp frå avlaupsanlegga skal ikkje føre til særlige luktulemper for omgivnadene. Dersom det ligg føre grunngjevne klager på luktutslepp frå avlaupsanlegget, kan Fylkesmannen påleggje luktundersøkingar og iverksetjing av luktdempande tiltak.

## 5. Kjemikaliar

Med kjemikaliar meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikaliar som til dømes fellingskjemikaliar, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

Kjemikaliar som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal vere testa for kor lett dei lét seg bryte ned, toksisitet og kor lett dei vert akkumulerte i naturen. Berre laboratorium som er godkjende i samsvar med Good Laboratory Practice (GLP) og/eller akkreditert etter NS-EN/IEC 17025:1999, kan gjere testane.

Kommunen pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikaliar. Ein skal heile tida vurdere faren for skadelege effektar på helse og miljø av dei kjemikaliane som vert nytta, og om det finst alternativ. Både skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst betre alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt ein kan utan urimeleg kostnad eller ulempe<sup>2</sup>.

Stoffer aleine, i stoffblandingar og/eller i produkta, skal ikkje framstillast, eller omsetjast med mindre dei er registrerte og vurderte i samsvar med krava i REACH-regelverket.<sup>3</sup>

---

<sup>2</sup> Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

<sup>3</sup> Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

## 6. Støy

Støy ute frå anleggsverksemda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, målte eller rekna ut som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overskride desse basis støygrensene:

Tabell 3. støygrensar

Kvardagar	Laurdagar	Søn- og helligdagar	Kveld (kl. 19-23), kvardagar	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
50 L <sub>den</sub>	45 L <sub>den</sub>	45 L <sub>den</sub>	45 L <sub>evening</sub>	45 L <sub>night</sub>	60 L <sub>AFmax</sub>

L<sub>den</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L<sub>evening</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23-07.

L<sub>night</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

L<sub>AFmax</sub> er A-veiet maksimalnivå for de 5-10 mest støyende hendelsene innenfor perioden, målt/beregnet med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støygrensene gjeld all støy frå ordinær aktivitet ved avlaupsanlegget, inkludert intern transport på anlegget sitt område. Støy frå bygge- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

## 7. Energi

Kommunen skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv drift i anlegga.

## 8. Avfall og avlaupsslam

### 8.1. Generelle krav

Kommunen skal i størst mogleg grad minimere avfall som blir til som følgje av verksemda. Særlig skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Kommunen plikter å syte for at all handtering av avfall, òg farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande regler for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta<sup>4</sup>.

Avfall som oppstår i avlaupsanlegga, skal søkast gjenbrukt, eller – for brennbart avfall – søkjast utnytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må skje i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova samt krav fastsett i dette løyve.

### 8.2. Slamhandtering

Avlaupsslam skal i størst mogleg grad nyttast som ein ressurs. Med omsyn til kvalitet, lagring og bruk mv. av avlaupsslam viser vi til "forskrift om gjødslevarer mv. av organisk opphav", der Mattilsynet og kommunen er tilsynsmynde. Mengd avlaupsslam skal registrerast som tørrstoff pr. år.

<sup>4</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

## **9. Førebyggjande tiltak og beredskapstiltak mot akutt forureining**

### **9.1. Miljørisikoanalyse/klimatilpassa risikovurdering**

Kommunen skal gjennomføre ein oppdatert miljørisikoanalyse av sin aktivitet **innan 15. mars 2012**. Miljørisikovurderinga må òg innehalde aspekt i forhold til klimaendringar. Kommunen skal vurdere resultat i høve til akseptabel miljørisiko. Kommunen skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Kommunen skal dokumentere miljørisikoanalysen, og den skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan medføre akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på, eller utanfor området til verksemda.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining, med dei helse- og miljøkonsekvensane ho fører med seg, kan få følgjer for.

### **9.2. Førebyggjande vedlikehald og tiltak – handlingsplan for risikohandtering**

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å sei for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7<sup>5</sup>.

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

Kommunen skal utarbeide ein handlingsplan for risikohandtering innan 15.3.2012. Handlingsplanen skal vise risikoreduserande tiltak, òg klimatiltak med tilhørande tidsfrist.

### **9.3. Etablering av beredskap**

Kommunen skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining om det trengst. Beredskapen skal heile tida vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda representerer.

### **9.4. Varsling av akutt forureining**

Kommunen skal varsle akutt forureining, eller fare for akutt forureining, til lokalt brannvesen i samsvar med gjeldande forskrift<sup>6</sup>. Kommunen skal òg, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle. Varslingsskjema finst på [www.fylkesmannen.no/aa](http://www.fylkesmannen.no/aa)

Kommunen skal varsle Fylkesmannen ved planlagte tiltak eller arbeid, som kan medføre direkte utslepp meir enn 1000 pe i over 1 time eller samsvarande utsleppsmengde. Kommunen skal òg varsle Fylkesmannen om mindre utslepp, dersom utsleppet har betydning for å overhalde vilkår i løyvet.

## **10. Utsleppskontroll**

### **10.1. Utsleppskontroll**

Det skal takast regelmessige prøver av utlaupet frå reinseanlegget for å dokumentere reinseeffekt og utsleppsmengder.

---

<sup>5</sup> Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskriften)

<sup>6</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

Talet på prøver, analyseparametrar og metodar for prøvetaking skal vere i samsvar med Forureiningsforskrifta kap. 14, §§ 14-11 og 14-12, og kap. 11 *Generelle bestemmelser om avlaup*, vedlegg 2. Dette inneber at 12 prøver per år frå innlaup og utlaup skal analyserast for total fosfor, biologisk og kjemisk oksygenforbruk.

Kontrollprøver av inn- og utlaupsvatn i reinseanlegg skal takast som døgnblandprøver når prøva skal analyserast for  $\text{BOF}_5$  eller  $\text{KOF}_{\text{CR}}$ . Det skal takast døgn- eller vekeblandprøver når prøva skal analyserast for tot-P. Prøvene skal vere representative for avlaupsvatnet og takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem.

Verksemder som utfører prøvetaking må vere akkreditert for prøvetaking, eller ha eit tilsvarende kvalitetetssikringssystem godkjend av ein kvalifisert nøytral instans. Analyse av kontrollprøver skal utførast av akkreditert laboratorium. Om utsleppet er overskridt med meir enn 100 % av det reinsekrava seier, skal den ansvarlege for anlegget snarast varsle Fylkesmannen.

Dersom reinseanlegget ikkje tilfredsstillir normale utsleppskrav kan Fylkesmannen gje pålegg om gjennomføring av tiltak på reinseanlegget eller andre delar av avlaupsanlegget.

## 10.2. Overlaup og andre utslepp

Utslepp frå overlaup skal dokumenterast av kommunen.

Utslepp frå naudoverlaup skal bereknast på grunnlag av registrert driftsstans ved pumpestasjonar, reinseanlegg og liknande, eventuelt ved direkte målingar av vassmengd og konsentrasjonar. Utslepp pga. lekkasjar, feilkoplingar o.l. skal oppgjevast på grunnlag av berekna verknadsgrad for transportsystemet, om ikkje betre metodar blir brukt.

## 11. Rapportering til Fylkesmannen

Bygland kommune skal rapportere til staten gjennom KOSTRA systemet innan 15. februar kvart år. Kommunen er medlem av Driftsassistansen i Aust Agder. Driftsassistansen utarbeider kvart år årsrapport med innhald:

- Reinseresultat i høve til utsleppsløve
- Inn- og utlaupsmengder til reinseanlegg
- Vassmengder

Kommunen skal sende årsrapport til Fylkesmannen innan **15. mars kvart år**. Rapporten skal innehalde følgjande:

- status for oppfølging av tidsfristar
- resultat frå utsleppskontroll av reinseanlegg (Driftsassistansen sin rapport)
- utsleppsrekneskap: utsleppsmengd som er fordelt på utslepp frå reinseanlegg, overlaup, naudoverlaup, eventuelle lekkasjar og direkteutslepp (fosforkonsentrasjon på gjennomsnitt 1 mg totP per liter)
- vurdering av verknadsgraden til transportsystemet og eventuelle planar for å betre verknadsgraden
- oversikt over saneringsarbeid og utbyggingar utført det siste året

## 12. Utskifting av utstyr

Dersom verksemda skal skifte ut utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke forureiningar på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen få melding om dette på førehand.



### **13. Tilsyn**

Kommunen pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta føre tilsyn med anlegget når som helst.

## VEDLEGG 1

### Liste over prioriterte stoffer

Utslipp av disse komponenter er bare omfattet av tillatelsen dersom dette framgår uttrykkelig av vilkårene i pkt. 3 flg. eller de er så små at de må anses å være uten miljømessig betydning

#### Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
<b>Arsen</b> og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
<b>Bly</b> og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
<b>Kadmium</b> og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
<b>Krom</b> og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

#### Organiske forbindelser:

	Vanlige forkortelser
<b>Bromerte flammehemmere:</b>	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'isopropyliden difenol)	TBBPA
<b>Klorholdige organiske forbindelser</b>	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikosan (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
<b>Nitromuskforbindelser:</b>	
Muskxylen	
<b>Alkylfenoler og alkylfenoletoksylder:</b>	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6-tri-tert-butylfenol	
<b>Polyfluorerte organiske forbindelser (PFCs)</b>	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre (PFOA)	
<b>Tinnorganiske forbindelser:</b>	
Tributyltinn	TBT
Trifenylytinn	TFT, TPT
<b>Polysykliske aromatiske hydrokarboner</b>	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	PAH
Bisfenol A	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5

